



Sakshandsamar: Dagny Alvik
Telefon: 57 64 31 42
E-post fmsfdal@fylkesmannen.no

Vår dato
10.03.2017

Vår referanse
2013/3669
Rapportnummer
2017.051.I.FMSF

Avinor AS, avd. Sandane lufthamn
v/Jon Granheim
Pb 150
2061 Gardermoen

Tilsyn ved Sandane lufthamn - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetringpunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr. Dersom de meiner det er faktiske feil i teksten, må de melde frå innan to veker. Etter dette reknar vi rapporten som endeleg.

Hovudfunn frå kontrollen

Fylkesmannen påviste 1 avvik frå ureiningsregelverket og ga 2 merknader under tilsynet.

Avvik:

- Verksemda har mangelfull overvaking av resipient

Merknadar:

- Verksemda si risikovurdering bør oppdaterast
- Verksemda si oversikt over levert farleg avfall kan betrast

Funna er nærare omtalt i del 6 og 7 nedanfor og rettleiing om dykkar oppfølging er nærare omtalt i del 3 nedanfor. Vi ber om attendemelding på retting av avvik innan **07.04.2017**

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvern sjef

Dagny K. Ugulsvik Alvik
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

1. Informasjon om verksemda:

| | |
|---|---|
| Stad (namn på anlegg): Sandane lufthamn | Verksemdnr.: 985 198 292 |
| Ansvarleg verksemd: Avinor AS | Eigd av: 974 720 043 |
| Kontaktperson: Jon Granheim | Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 1445.0041.01 |
| <input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert | |
| | Gebysats etter § 39-7 i ureiningsforskrifta: 3 |

2. Bakgrunn for kontrollen frå ureiningstilsynet

Fylkesmannen skal jamleg føre tilsyn med verksemder i Sogn og Fjordane som har eit ureiningspotensial eller produserer eller handterer avfall. Denne kontrollen vart gjennomført den **09.03.2017** for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll (ytre miljø)
 - Risikovurdering
- Utsleppskontroll
- Ureiningsforskrifta
- Handtering ordinært avfall
- Handtering farleg avfall
- Handtering av kjemikal
 - oversikt
 - sikkerhetsdatablad
 - substitusjon

Vi gjer merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar

Avvik. Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)

Merknad. Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Andre forhold. Saker som kom fram under kontrollen og som er nyttig for verksemda å kjenne til. Her kan også inngå kommentarar til tema som vart omtalt, men som ikkje inngikk i denne kontrollen.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemnda pliktar å rette opp avviket som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemnda må også gå nøye gjennom merknadane og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gje grunnlag for pålegg (vedtak om tiltak som må gjennomførast).

Vi ber om at de **innan 07.04.2017** melder attende per e-post (til fmsfdal@fylkesmannen.no) eller skriftleg korleis avvik er retta, og om det er gjennomført tiltak på bakgrunn av merknadar. Vi ventar at de legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

Vi gjer merksam på at de kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdatab.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn de på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn de under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

4. Gebyr for kontroll

Vi viser til varsel og omtale av gebyrplikt under kontrollen. Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av medgått og venta ressursbruk må verksemnda betale gebyr etter sats 3 i § 39-7 i ureiningsforskrifta for den gjennomførte kontrollen (kr. 14 600,-). Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adressert til Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Dette avviket vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Verksemda har mangelfull overvaking av resipient

Avvik frå: Utsleppsløyvet datert 20.12.2010

Kommentarar:

Det er eit krav i løyvet at bekkesystemet som går mot Nordfjorden vert overvaka, jf. pkt 8. Det er ikkje gjennomført målingar i dette området sidan 2014. Overvaking skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp. I nytt overvakingssystem er det lagt opp til 2 prøvar (før og etter avisings sesong). Verksemda bør gjere ei vurdering om dette er tilstrekkeleg for å få eit representativt bilete.

Vi er kjent med at hovudtyngda av avisingskemikaliar vert drenert mot Gloppenfjorden. Det er bra at lufthamna har kartlagt dette. Sidan det ureina overflatevatnet vert ført ut via kulvert til sjø, set Fylkesmannen ikkje krav om overvaking i dette området.

7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Verksemda si risikovurdering bør oppdaterast**Kommentar:**

Førre miljørisikovurdering var gjennomført i 2009. Mykje har endra seg på lufthamna sidan den gang. Vi er kjent med at arbeidet med ny risikovurdering er starta. Det er viktig at alle forhold som kan påverke ytre miljø vert vurdert, og at det vert laga ein handlingsplan med risikoreduserande tiltak med ansvarleg og tidsfrist. Ei risikovurdering skal vere eit levande verkøy, og dersom det skjer endringar i drift eller hendingar, bør risikovurderinga oppdaterast. Fylkesmannen gav verksemda dispensasjon for kravet om årleg tømning av oljeutskiljar i 2015 under føresetnad om at det vart risikovurdert og begrunna i dykkar vurdering. Verksemda kunne ikkje vise til at dette var gjort.

Merknad 2 Verksemda si oversikt over levert farleg avfall kan betrast**Kommentar:**

Det er ikkje samsvar med det som lufthamna har meldt inn til Fylkesmannen i årsrapporteringa av mengde levert farleg avfall, og det som er registrert i avfallsdeklarering.no. Avinor har avtale med Retura om handtering av avfall, og har gjeve Retura fullmakt til å deklare det farlege avfallet. Sjølv om de har gjeve Retura fullmakt, er det Avinor som er ansvarleg for at dette vert handtert på rett måte. Vi minner også på kravet om årleg levering av det farlege avfallet, og at alle fraksjonar må leverast. Vi kan mellom anna ikkje sjå at sprayboksar vart levert i 2016.

8. Andre tilhøve

Sandane lufthamn er i gang med ein prosess for å sertifisere seg til ISO 14001. Det er planar om å ha dette på plass i løpet av året. Lufthamna bar preg av å vere vel driven og internkontroll synest generelt å vere godt ivareteken.

9. Informasjon til verksemda

I tillegg til gjennomføring av kontrollen, vart det gitt informasjon om avfallsdeklarering.no

10. Dokumentgrunnlaget

Lovgrunnlaget for kontrollen er:

1. Utsleppsløyvet datert 20.12.2010
2. Ureiningslova (lov 13.3.1981 om vern mot forurensningar og om avfall). Særleg viktige reglar er § 7 om plikt til å unngå ureining og tiltakspunkt dersom ureining oppstår, § 20 om tiltak ved driftsstans, § 28 om forbodet mot forsøpling, § 32 om plikt til å levere næringsavfall til godkjent mottak og kap. 6 om akutt ureining. Merk også at brot på ureiningslova er straffbart etter reglane i §§ 78 og 79.
3. Ureiningsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrensning av forurensning). Avfallsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall). Særleg viktige reglar er kap.11.
4. Internkontrollforskrifta (forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, med vekt på ytre miljø).

I tillegg har vi sett på og vurdert:

1. Eigen internkontrolldokumentasjon.
2. Deklarasjonsskjema farleg avfall
3. Nedskrivne rutinar og eigen oppfølging av desse.
4. Kjemikaliehandteringa
 - a. Verksemda sitt stoffkartotek
 - b. Rutinar for handtering av kjemikal og dokumentasjon på vurderingar gjort i høve til substitusjon (av helse- og miljøfarlege kjemikal)
5. Tidlegare kontrollrapport datert 28.08.2013